

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 08.12.2019
SAKSHANDSAMAR: Tom Guldhav/ Vidar Vie
SAKA GJELD: **Orientering om høyringsinnspel til prehospital plan i Helse Førde**

ARKIVSAK: 2019/3806
STYRESAK: **106/2019**

STYREMØTE: **16.12.2019**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek innkomne høyringsinnspel til utkast for prehospital plan i Helse Førde til vitande.
2. Høyringsinnspela skal vere ein del av grunnlaget for eventuelle justeringar i samband med ferdigstilling av planen.
3. Planen skal endeleg handsamast av styret i januar 2020.

Oppsummering

Det har kome inn om lag 50 høyringsinnspel til utkast til prehospital plan for Helse Førde. Fleire har innvendingar knytt til dei strukturelle grepa som er føreslegne i planen. Ein del av innspela syner også behov for å klarlegge metodiske tilnærmingar i planarbeidet. Tilfanget av innspel er stort og krev tid til gjennomgang og sakshandsaming. Ambisjonen er slutthandsaming av planen i januar 2020.

Fakta

Alle helseføretak skal utarbeide utviklingsplanar som ein del av iverksetjinga av nasjonal helse- og sjukehusplan. Utviklingsplanen til Helse Førde vart rullert våren 2018. Arbeidet med dei prehospitale tenestene er ein del av dette utviklingsarbeidet.

Utkast til prehospital plan er utarbeidd av ei breitt samansett prosjektgruppe med direktør for kirurgisk klinikk som leiar. Planarbeidet starta hausten 2017, og har også hatt ekstern bistand og referansegruppe.

Arbeidet er delt opp i tre fasar:

- Fase 1: Etablere prosjekt – forankring internt og eksternt: Avklare prinsipp, premisser og rammevilkår.
- Fase 2: Detaljering av modellar.
- Fase 3: Implementering av vald modell.

Planutkastet, som er sluttproduktet frå fase 2, har i alt 41 tiltakspunkt fordelt på desse hovudområda:

1. Styringsdata
2. Teknologi og innovative løysingar i prehospitale tenester
3. Bemanningsmodell i bil- og båtambulansetenesta
4. Kompetanseutvikling
5. Samhandling mellom dei prehospitale og hospitale tenestene i Helse Førde
6. Samhandling mellom helseføretak og kommunar for dei prehospitale tenestene
7. Struktur og organisering for bil- og båtambulansetenesta

Utkastet vart lagt fram for styret i september 2019 og gjorde då følgjande vedtak:

1. Styret meiner at førelagt utkast til prehospital plan svarar på mandatet.
2. Styret er godt nøgd med den grundige prosessen som har leia fram til høyringsutkastet.

3. Styret ber administrerende direktør sende utkast til prehospitalet plan på høyring til kommunar, legevakter og andre interessentar.
4. Planen skal endeleg behandlast i styret i desember 2019

Høyringsfristen vart sett til 25. november. Nokre instansar fekk forlenga frist med eit par dagar, og dei siste innspela kom inn i starten av desember. Til saman har det kome inn om lag 50 høyringsinnspel. Samla utgjer dei eit dokument på i overkant av 160 sider, som femnar om eit breitt sett av problemstillingar og synspunkt innanfor alle dei sju hovudområda. Særskilt struktur og organisering for bil- og båtambulansetenesta. I tillegg er det kome inn ein del overordna synspunkt på planen og planarbeidet.

Kommentarar

Utkastet til plan har ført til eit breitt engasjement som er synleggjort gjennom dei mange innspela. Høyringsprosessen er verdifull og gir nye perspektiv og nye moment. Samla sett gir dei eit godt og konstruktivt innspel til utforminga av ei teneste som er svært viktig for innbyggjarane i området til Helse Førde.

Administrerende direktør har, før utsending av denne styresaka, gjort ein førebels gjennomgang og oppsummering av alle høyringsinnspela. Når det gjeld dei 41 tiltakspunkta, så er det mange og klare innvendingar knytt til dei fire siste tiltaka. Dei handlar om strukturendringar knytt til Ytre Bremanger, Lavik, Luster og båtambulanse. I tillegg til at Aurland krev ambulanse, og at ordføraren i Balestrand har signalisert at dei ønskjer ambulansen attende.

Når det gjeld dei 37 andre tiltaka så er det i større grad positive tilbakemeldingar og forbettringsforslag, men også påpeikingar knytt til tid for innføring, mogelegheitsrom, omfang, avhengigheiter til strukturelle grep og ønskje om involvering.

Ein god del av innspela peikar på at ein planhorisont på 20 år er problematisk. I planarbeidet er det gjort simuleringar fram til 2040. Det vil skje store endringar, både når det gjeld prehospitale tenester og samla helsetenesteproduksjon, i eit så langt perspektiv. Fram til slutthandsaming må det tydeleggjerast at utviklinga i prehospitale tenester, som annan tenesteproduksjon, skal evaluerast med jamne mellomrom. Denne planen, når den blir vedteken, er ein del av utviklingsplanen til Helse Førde, og evalueringar og rulleringar skal skje i samsvar med det overordna plandokumentet.

Innspela bygger også opp under behovet for å skissere korleis arbeidet med fase 3 – sjølv implementeringa av planen, skal gjennomførast. Som planutkastet, og fleire høyringsinstansar, peikar på, så er det føresetnader som må på plass før ein del av tiltaka kan gjennomførast. Likeeins er rekkefølga for innføring viktig, og det må takast stilling til korleis

implementeringsarbeidet skal organiserast. I mandatet til prosjektet er det stipulert at innføringa vil ta eitt til tre år.

Det skal arbeidast vidare med ein endå meir strukturert gjennomgang av alle høyringssinnspela etter handsaminga av denne styresaka. Administrerande direktør vil førebels trekke fram nokre moment som det er viktig å arbeide vidare med fram til slutthandsaming:

- Planperioden, rullering, evalueringstidspunkt og at gjennomføring vil handsamast i fase 3, må presiserast og kommuniserast betre.
- Dei strukturelle endringane, og dei mange innspela til desse, må gjennomgåast.
- Simuleringsmodellen og rolla den har hatt for arbeidet må utdjupast noko.
- Responstider, samtidskonfliktar og framskriving av desse bør drøftast ytterlegare
- Andre forbedringsforslag på ulike område må gjennomgåast og vurderast.

I fleire av innspela til plan er det synt til forståing for at Helse Førde har behov for å få mest og best mogeleg tenester ut av tilgjengelege økonomiske ressursar. Men nokre peikar også på at planutkastet ikkje skapar god nok forståing for vala som vert føreslått, eller synleggjer kva vurderingar som er gjort med tanke på effekt og konsekvensar.

Sjølv om planarbeidet allereie har teke to år, så meiner administrerande direktør at det er rett å bruke ytterlegare noko tid på å utarbeide framlegg til vedtak. Det er lagt eit stort og viktig arbeid i dei mange innspela. Dei skal bli vurderte på ein god måte.

Konklusjon

Høyringssinnspela er viktige bidrag til planarbeidet, og vert tekne med vidare før slutthandsaming av prehospital plan fase 2 i januar 2020.

Vedlegg:

Prehospitale tenester – høyringssinnspel prosjektrapport fase 2

Prehospitale tenester – høyringssinnspel prosjektrapport fase 2 - førebels samandrag